

## LOVER FOR FITJAR BEDEHUS

- § 1 Huset skal nyttast til all verksemd som prøver å vekkja og styrkja sann, kristen tru i samsvar med Guds ord og Den Evangelisk Lutherske vedkjenning.
- § 2 Alle organisasjonar og lag som arbeider innanfor ramma som er nemnt i § 1 har same rett til å bruka huset.
- Gjeld det berre einskilde mote, kan huset – etter vedtak av styret – også nyttast av folk utanfor Den norske kyrkja si vedkjenning, når dei forkynner eit bibelsk evangelium utan å agitera for sine særmeiningar. Ukjende personar må gje fulltrygt vitnemål om lære og liv før dei får nytta huset.
- § 3 Når det ikkje kjem i vegen for bruken av huset etter § 1 og 2, kan det nyttast til mote eller tilstellingar for gode, allmennyttige føremål, men det må vakast over at desse samkomene ikkje kjem i strid med Guds ord og sann, kristen moral.
- Tilstellingar med dans o. likn., eller nyting av rusgifter, vert ikkje tillate.
- § 4 Fitjar Bedehus er ein sjølveigande institusjon.
- Det skal ha eit styre på 5 medlemmer. Desse må ha fylt 20 år, vera vedkjennande kristne, og skal veljast mellom aktive medlemmer av dei organisasjonane som – i samsvar med § 1 – til ein kvar tid bruker huset.
- Styret skal veljast av årsmotet.
- Styremedlemene vel seg i mellom formann, nestformann, kasserar og sekretær, for eitt år om gongen. Kvar styremedlem står i 2 år. Første året går 2 medlemmer ut, etter loddtrekking. Kvar styremedlem kan nekta attval, men berre for to år om gongen.
- § 5 Styret er ansvarleg for at huset vert brukt i samsvar med lovene som gjeld. Det må vidare syta for huset sin økonomi, den daglege drifta og eit forsvarleg vedlikehald.
- Formann og kasserar har saman fullmakt til å skriva under dokument som har binande verknad for Fitjar Bedehus.
- Kvart år må styret kalla inn til årsmote og leggja fram årsmelding og revidert rekneskap. Eventuelle saker som styret eller minst 10 personar med røysterett ynskjer å handsama, skal også leggjast fram for årsmotet. Har styret ulikt syn på ei sak, kan mindretallet krevja at saka vert lagd fram for årsmotet, som avgjer saka med vanleg fleirtal.
- Alle saker utanom vanlege årsmotesaker skal vera gjort kjent minst 2 veker i forevegen.
- Styret pliktar å føre motebok.
- § 6 Røysterett på årsmotet har alle som arbeider for å fremja bedehuset sine retningslinjer, er over 18 år og betaler den årlege kontingenten til huset. Årskontingenten vert til ei kvar tid fastsett av årsmotet.
- Skulle nokon – i ord eller gjerning – gi til kjenne at dei ikkje er i samsvar med ånda og innhaldet i desse reglar, kan styret nekta slike røysterett, etter først å ha tala med vedkomande. ( Jfr. t.d. § 3 i lover for indremisjonslag.)
- § 7 Skulle det henda at det i bygda ikkje er syn for å nytta huset etter desse reglar, må huset realiserast og pengane tilfalla det misjonsarbeidet som då er i bygda, og som huset har vore nytta til fordel for.
- § 8 Brigde i desse lover kan gjerast på årsmotet med 2/3 fleirtal. Framlegg om dette må vera sendt styret minst 3 månader på førehand. § 1, 2, 7, og 8 kan ikkje brigdast.

Vedteke på allmannamote 26. mai 1977

Eli Vestbostad  
Sign.

Lars Sandvik  
Sign.